

Hallingdal med og støttar E16

Finanskrisa kan vere det som gir betre veg mellom aust og vest. Det gjeld både E16 og Rv7.

Bernt Ivar Bergum
bib@hallingdolen.no

Hallingdal har til no hatt meir enn nok med å snakke om Rv7 og Rv52, vegane ingen andre snakkar om. Me har no gitt uttrykk for at også vegen frå Hønefoss til Sandvika er viktig, seier Knut Arne Gurigard, dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal. Dermed stiller også Hallingdal seg i koret som syng om ny E16 frå Sandvika til Hønefoss.

NM i påverknad

Tysdag møttest politikarar og næringslivsfolk frå Ringerike, Hole, Hallingdal og Valdres etter at Ringerike Høgre og E16-alliansen hadde invitert til møte om E16. Ein håpar

samhald skal ha den gjennomslagskrafta som trengst for å nå inn til Stortinget.

– Møtet oppsummerte først og fremst dagens status, fortel Gurigard.

Men det markerte også starten på ein viktig periode der det gjeld å påverke Stortinget til å satse på «sin» vegstrekning i samband med Nasjonal transportplan (NTP). Trond Helleland (H) uttrykte ifølgje Ringerikes Blad at dette bidreg til travle dagar hjå transport- og kommunikasjonskomiteen der han er medlem, no fram mot framlegginga av NTP.

– Det gjeld å vere best i å påverke, sa også Trond Hjerpseth frå E16-alliansen til Hallingdølen 8. januar.

OPS er framtida

Eit einstemmig fylkesting i Buskerud har gått inn for at Ramsrudhellinga bør framskundast, føresett at regjeringa kjem med den venta ekstraløyvinga som følgje av finanskrisa og nye finansieringsformer. Mellom anna er det snakk om å finansiere

gjennom såkalla offentleg-privat samarbeid (OPS), ei ordning som i fleire vegprosjekt har synt seg svært effektiv.

– Ein har gode erfaringar med å få gjennomføringstida radikalt ned med denne ordninga, seier Gurigard. Då er det også mogleg at andre prosjekt kan rykkje fram i køen. utfordringa då blir å ha planane klare. Dei som har det, vinn fram.

Planar i lange banar

Ingen større investeringar er planlagde mellom Ørgenvika-Gol i perioden 2010-2013. Det er Sokna-Ørgenvika som har

høgast prioritet i Hallingdal og Buskerud. Den er ein viktig del av aust-vest sambandet. Arbeidet med å legge om vegen ved Ramsrudhellingane, noko som vil fjerne ein svingete flaskehals, håpar ein vil vere ferdig i 2011. Då er det klart for å ta til på arbeidet med Sokna-Ørgenvika, som då vil kunne ferdigstillast i 2013.

På strekninga Sandvika-Hønefoss er delar av strekninga alt under utbetring. Etter planen står den ferdig seinare dette året (Bjørum-Wøyen). Målet er at heile strekka skal vere ferdig når planperioden er over i 2019.

Vil ha eitt Agder

Allereie i april skal fylkestinga på Sørlandet diskutere samanslåing av dei to Agderfylka.

Samanslåing av fylkeskommunar er skrinlagt frå regjeringa si side, men likevel blir det jobba vidare med prosessen i Agder.

Fire Aust-Agder-kommunar trua våren 2008 med å søkje overgang til Vest-Agder. Omsynet til næringsutviklinga gjer at tilhengarane av samanslåing meiner det hastar, skriv Kommunal Rapport.

Eit diskusjonsnotat er sendt ut til alle fylkespartia i begge fylke. I april skal fylkestinga avgjere om dei går for samanslåing med felles regionval i 2011.

Aust-Agder har om lag 106.000 innbyggjarar, og Vest-Agder har 166.000 innbyggjarar. Eit felles Agderfylke vil ha 30 kommunar. (©NPK)

Avsluttar fotrøte-sjekk

Å snu fleire sauer for å sjekke klauver for fotrøte, er ikkje aktuelt førebels.

Håvard Folkedal
hf@hallingdolen.no

Dette er situasjonen akkurat no i Buskerud. Prosjektet som gjekk utover hausten etter at den smittsame sauesjukdommen var påvist i Nes i fjor vår, vart avslutta på førjulsvinteren. Det er truleg ikkje aktuelt å vidareføre arbeidet når dyra går drektige, seier seniorrådgjevar i Mattilsynet i Hallingdal, Embrik Gjengedal.

Andre stader i landet vil arbeidet med å kartleggje situasjonen rundt fotrøte halda fram.

Det som skjer elles er at Landbruksdepartementet har sett ned ei gruppe som skal sjå på beitebruk. Den vil også koma med tiltak for å hindre smittespreiing. Her vil ein ta stilling til restriksjonar og det som må gjerast



Undersøking: Mattilsynet har i heile haust sjekka sau for fotrøte. (Arkivfoto)

i flokkar der det er påvist smitte, før dyra kan sendast på utmarksbeite.

I Hallingdal vil dette gjelde om lag 10 besetningar. Sjukdomen er påvist i ein av dei. I resten av tilfella dreiar det seg om bakteriologiske funn.

www.citroen.no

GJØR ET KUPP HOS CITROËN!

På grunn av finanskrisen har vi mange biler på lager, og det er du som kunde som vinner. Nå kan vi tilby deg noen av våre mest populære modeller til fantastiske priser, blant annet nye Citroën C5. Bilene er klare for umiddelbar levering, men det er begrenset antall. Kom innom for en prøvekjøring og mulighet for å gjøre et fantastisk bilkupp, uansett behov!



Citroën C5 Dynamique HDi 110 DPF Tourer

Før kr. 334.550,-*

Kun kr.

309.550,-*

- ESP/ASR antispinn
- Radio/CD/mp3 med rattbetjening
- 7 airbags
- Cruisekontroll og hastighetsbegrenser
- Multifunksjonsratt m.m.



Citroën Grand C4 Picasso Confort HDi 110 DPF 7-s

Før kr. 340.900,-*

Kun kr.

301.500,-*

- HDi Diesel 110 Hk
- ESP/ASR antispinn
- Multifunksjonsratt
- 7 seter
- Cruisekontroll/hastighetsbegrenser



Citroën C-Crosser Pack HDi 160 DPF 7-s

Før kr. 490.050,-*

Kun kr.

429.700,-*

- HDi Diesel 160 Hk
- Firehjulstrekk
- 7 seter
- Lettmetallfelger 18"

Se mer av modellene, eller bestill prøvekjøring på våre nettsider www.citroen.no

VÅR FORHANDLER ER:

Bilplaneten

Nesbyen: 320 72 500

CITROËN

*Veil pris Oslo inkl. frakt og levering (kr. 6.900,-). Priser pr. 03.01.2009. Bildene er illustrasjonsfoto og utstyr kan avvike. Vi tar forbehold om trykkfeil. CO2 utslipp og drivstofforbruk ved blandet kjøring: 4,4 l/100 km 115 CO2 (g/km) til 7,2 l/100 km 191 CO2 (g/km). Innrykket av Citroën Norge AS.